



12.03.2020

Alle føresette til barn ved Samnanger barneskule.

Her kjem oppdatert informasjon frå Samnanger barneskule om korleis me løyser opplæringa etter at skulen har vorte stengt grunna fare for smitte av koronaviruset. Etter at Samnanger kommune valgte å stenga alle skular og barnehagar i dag kl.07:30, så vert no kl.13:00 alle skular og barnehagar i heile landet stengt. Me vil presisera at det per i dag ikkje er registrert smitte ved Samnanger barneskule. Skulen vert stengt som eit førebyggjande tiltak.

Alle kommunar har plikt til å gje opplæringstilbod, og alle barn har plikt til opplæring. Jfr. Oppl.lova §2-1

Det betyr at om skulen er stengt, skal opplæringa halda fram. Utfordringa vert då korleis me gjennomfører dette. Stenginga varer i første omgang t.o.m. fredag 27/3-2020. Så langt kan tilsette møta på jobb. I dag har me planlagt korleis me gjer det neste veke.

Elevane vil som før få sendt heim læringsmålsplan for veka. Dei ulike teama (1-2 trinn, 3-4 trinn og 5-7 trinn) samkøyrer seg, og løysingane vil variera mellom dei ulike alderstrinna. Me kjem til å nytta dei digitale hjelpemidla me har. Det er f.eks.

- Læringsplatforma Skooler
- Heimesida til skulen [www.minskole.no/samnanger](http://www.minskole.no/samnanger)
- Meldesystemet Transponder
- Ulike digitale nettsider

Me veit at det vert ein stor overgang frå å prøva ut leksefri skule, til å gjera alt skulearbeid heime. Me veit også at det er ulike situasjonar for dei ulike heimane med tanke på å gjera skulearbeidet heime. Difor vil me prøva å tilpassa skulearbeidet så godt me klarar.

Me ønskjer at

- alle føresette set seg inn i læringsmålsplanen som vert sendt heim og ligg på skulen si heimeside. Alle planane skal vera ute til måndag kvar veke.
- de tek kontakt med kontaktlærarane og skulen etter behov.
- at alle som treng å låna heim datamaskin frå skulen for å kunna gjera skulearbeidet, må melda frå til kontaktlærar. Så skal me sjå kva me klarer å løysa.
- alle som treng å henta bøker, klede og anna utstyr frå skulen, kan frå måndag 16/3 koma innom skulen for å henta dette. Det er også høve til å låna bøker på skulebiblioteket.

Beste helsing oss ved Samnanger barneskule!  
Inge Aasgaard

Postadresse:  
Tyssevegen 217  
5650 Tysse

Besøksadresse  
Nesjavegen 17  
5650 Tysse

Telef.  
Skule: 56589980  
SFO: 488 99 549

E-post:  
[barneskulen@samnanger.kommune.no](mailto:barneskulen@samnanger.kommune.no)  
Heimes.: [www.minskole.no/samnanger](http://www.minskole.no/samnanger)